



## Om pasientar som har fått radiofarmaka i samband med undersøking eller behandling

Pasientar som er tilført radioaktive legemiddel (radiofarmaka) i samband med medisinske undersøkingar og behandlingar, slepp ofte ut av sjukehuset medan kroppen enno inneheld restar av radioaktive stoff. Dette restane er tilstrekkelege til å verte registrert med kjenslege detektorar i fleire dagar eller tilmed veker etter at radiofarmaka er tilført pasienten. Strålevernet oppmodar difor verksemder som har tilført pasientar radiofarmaka om å informere pasientane og/eller deira pårørande om risikoen for å utløyse overvåkingsalarmar for stråling. Dersom dei skal ut på reise, til dømes utanlands, bør dei få skriftleg informasjon med seg, for å kunne vise fram i eventuelle sikkerheitskontrollar.



*Pasientar som har vore gjennom nukleærmedisinske undersøkingar eller behandlingar, kan utløyse strålingsalarmar t.d på flyplassar. Foto: iStockphoto.com.*

Pasientar som har vore gjennom nukleærmedisinske undersøkingar eller behandlingar, vil i ei viss tid etterpå ha restar av radioaktive stoff i kroppen. Pasientane sender ut lave strålingsnivå som kan registrerast med kjenslege strålingsdetektorar.

Helsearbeidarar er ikkje alltid merksame på at det kan vere grunn til særskilt omtanke for pasientar som sender ut lave strålingsnivå, og at dei kan utløyse strålingsalarmar på offentlege stader (t.d. på flyplassar og grenseovergangar) eller i offentlege bygningar.

Små spormengder av radionuklidar kan utløyse strålingsdetektorar i ei viss tid etter ei aktuell undersøking eller behandling:

### Radionuklide

Fluor-18 ( $^{18}\text{F}$ )	... 1 dag
Technetium-99m ( $^{99\text{m}}\text{Tc}$ )	... opp til 3 dagar
Jod-123 ( $^{123}\text{I}$ )	... opp til 3 dagar
Indium-111 ( $^{111}\text{In}$ )	... 14 til 17 dagar
Gallium-67 ( $^{67}\text{Ga}$ )	... opp til 30 dagar
Thallium-201 ( $^{201}\text{Tl}$ )	... opp til 30 dagar
Jod-131 ( $^{131}\text{I}$ )	.... opp til 95 dagar

## Tilråding

Pasientar som har vore gjennom ei nukleærmedisinsk undersøking eller behandling kan utløyse kjenslege strålingsdetektorar. Det er difor viktig at helsepersonalet informerar pasientane og/eller deira pårørende om at det er mogleg å utløyse strålingsalarmar i ei viss tid etter slik undersøking eller behandling. Det er og viktig at det vert gjort ei vurdering av pasientane si evne til å følgje skrivne anbefalingar, for å fastslå når det er tilrådeleg å sleppe dei ut frå sjukehuset, samt framheve kor mykje det har å seie at anbefalingane vert følgd. Ved å gjere pasientane merksame på at dei sender ut påviselege mengder stråling i ei viss tid etter prosedyren, kan ein sleppe at pasientar kjem opp i ubehagelege situasjonar. Samstundes vil informerte og oppmerksame pasientar kunne halde stråledosane til andre så lave som praktisk mogleg, noko som er særskilt viktig for pasientar som bur saman med eller tek seg av små born.

Pasientar som reiser med offentlege transportmiddel etter behandling med radiojod, utgjer sjeldan nokon risiko for andre passasjerar når reisetida avgrensar seg til nokre få timar. Likevel bør pasientar som har vore gjennom nukleærmedisinske undersøkingar og/eller behandlingar med radiofarmaka eller fått brachyterapi implantatar og slepp ut av sjukehuset, vere merksame på at behandlinga deira kan føre til andre implikasjonar, til dømes reiseforseinkingar. Stråling frå restaktivitet etter medisinsk undersøking eller behandling kan føre til at dei vert stansa i sikkerheitskontrollar ved internasjonale grensekryssingar, jernbanestasjonar, hamner, bruer, tunnelar og store offentlege samlingar, og at dei ikkje får dra vidare.

Mange stader vert bagasjen til reisande granska for radioaktivt materiale. Om ein pasient til dømes har klede forureina med radioaktivitet etter nukleærmedisinske undersøkingar eller behandlingar i bagasjen, kan strålinga frå dei forureina kleda utløyse alarmar for radioaktiv stråling.

Før nukleærmedisinsk undersøking eller behandling, og eventuelt før brachyterapi, bør pasient:

- få vite kor lenge han kan sende ut påviseleg stråling etter ei undersøking eller behandling.
- planlegge eventuelle reiser ut ifrå kva radioisotop som skal nyttast og kor lenge den er påviseleg, slik at han ikkje får vanskar.
- få vurdert i samråd med lege om ei undersøking/behandling kan vente til etter t.d. ei planlagt reise.

Pasientar med målbare mengder stråling som skal ut på reise, bør få med seg skriftleg medisinsk informasjon (t.d. eit pasientkort) til hjelp i eventuelle sikkerheitskontrollar. Følgjande bør vurderast:

- Ved nukleærmedisinske prosedyrar bør pasientane få med eit offisielt skriv eller pasientkort som inneheld følgjande opplysningar: namnet til pasienten, kontaktinformasjon til sjukehuset, namn på nukleærmedisinsk prosedyre, dato for undersøking eller behandling, kva radionuklide som er brukt, halveringstida, administrert aktivitet og 24 timars kontaktinformasjon for verifikasjon.
- Pasientar som forlèt sjukehus med brachyterapikjelder i kroppen bør få med seg eit offisielt skriv eller pasientkort som inneheld følgjande opplysningar: namnet til pasienten, kontaktinformasjon til sjukehuset, dato for behandling, kva radionuklide er brukt, halveringstida, kjeldeaktiviteten og 24 timars kontaktinformasjon for verifikasjon.
- Pasientane bør varsle legen sin om dei utløyser strålingsalarmar og vert stansa av sikkerheitspersonale.

## Konklusjon

Statens strålevern oppmodar verksemdene som driv med nukleærmedisin og behandling med brachyterapi kjelder om gjere til rutine å informere pasientane om risikoen for å utløyse overvåkingsalarmar. Samstundes bør dei som skal ut og reise, utstyrast med skriftleg detaljert medisinsk informasjon, som nemnt. Dette kan redusere vanskar for både styresmakter, pasientar og institusjonar.